

Notat

Rullering plan for selskapskontroll 2012 – 2016

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Opplysninger som kjem fram i notatet er ikkje verifisert, og kan ikkje bli nytta som faktagrunnlag utan ytterlegare undersøkingar.



Deloitte.

Innhold

1. Innleing	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Gjennomførte prosjekt i perioden 2012 - 2014.....	4
2. Om eigarskapa og eigarskapsforvaltinga	5
2.1 Eigarskapsforvaltning	5
2.2 Oversikt over fylkeskommunen sine eigarskap.....	6
3. Risiko- og vesentlegvurdering	8
3.1 Kartlegging av risiko i selskap	9
4. Forslag til prosjekt	11

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet utarbeida i 2012 ein plan for selskapskontroll for 2012-2016. For å sikre at plan for selskapskontroll framleis speglar dei mest vesentlege risikoområda når det gjeld fylkeskommunen sine eigarskap, har kontrollutvalet bedt revisjonen gjennomføre ei ny undersøking.

Revisjonen har samla inn informasjon gjennom dokumentanalyse¹ og intervju med fylkesrådmannen og fylkesordførar. På bakgrunn av informasjonen som er samla inn har revisjonen utarbeidd dette notatet med ei oppsummering av risikoar som er identifisert for fylkeskommunen sine eigarskap. Notatet vil blir lagt til grunn for eit prosessmøte i kontrollutvalet der det vil bli diskutert om det er prosjekt i planen som bør omprioriterast eller om nye prosjekt bør leggjast inn i planen.

1.2 Gjennomførte prosjekt i perioden 2012 - 2014

Begge dei prioriterte prosjekta i plan for selskapskontroll 2012-2016 er gjennomført:

1) *Selskapskontroll av Lutelandet Utvikling AS – føring om nye rutinar for eigarutøving*

I sak 02/13 tok fylkestinget rapporten etter gjennomført eigarskapskontroll av Lutelandet utvikling til vitande. Vidare vedtok fylkestinget som eigar å oppmode selskapet om å gjennomføre tilrådingane frå revisor (SF Revisjon) i kapittel 8 i rapporten.

2) *Selskapskontroll av F1 Holding/Fjord 1 As*

Kontrollutvalet handsama eigarskapskontroll av F1 Holding/Fjord 1 AS på sitt møte 26. november 2013. SF revisjon tilrådde mellom anna at styret i F1 Holding etablerte rutinar som sikrar at tilsetting av dagleg leiar skjer i samsvar med aksjelova og rutinar knytt til kommunikasjon, informasjonsutveksling og dialog mellom F1 Holding AS og dotterselskapet Fjord 1 AS.

I tillegg tilrådde SF Revisjon at Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeider skriftlege rutinar knytt til fylkeskommunen sine strategiske forventingar og krav til F1 Holding AS, og at fylkeskommunen set av nok ressursar til opplæring av dei folkevalde.

¹ Her har eigarskapsmeldinga for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2013 og årsrapportar frå selskapa i 2012 vore sentrale.

2. Om eigarskapa og eigarskapsforvaltinga

Aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommune/fylkeskommune eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar fell inn under § 80 i kommunelova. Desse selskapa har Sogn og Fjordane fylkeskommune full innsynsrett i og kan gjennomføre selskapskontroll av.

For selskap som ikkje fell inn under § 80 har ikkje fylkeskommunen meir innsynsrett i enn andre aksjonærar (t.d. private aktørar). Fylkeskommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontroll med omsyn til i kva grad selskapet opptrer i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter fylkeskommunen sine reglar og rutinar, om rapportering frå selskapet samsvarar med retningsliner etc.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har per september 2013 eigarskap i 20 aksjeselskap, tre interkommunale selskap (Trivselhagen, Sogn og Fjordane Revisjon, og Vigo), eitt gjensidig selskap (Kommunal Landspensjonskasse (KLP)) og eitt særlovsselskap (Innovasjon Norge). Av aksjeselskapa er to selskap heileigde av fylkeskommunen (Sogn og Fjordane Holding AS og F1 Holding AS). Dei andre aksjeselskapa er eigde anten i lag med kommunar eller private, eller i ein kombinasjon av dette, og eigarprosenten varierer frå 80 prosent til 0,31 prosent.

2.1 Eigarskapsforvaltning

Det blir i intervju peika på at det har skjedd ei utvikling av fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning, der det er utarbeidd system og rutinar for dette arbeidet. Det har også vore auka merksemd omkring kva fylkeskommunen ønskjer med eigarskapen i ulike selskap.

Fylkestinget har sidan 2008 årleg vedteke prinsipp for sin eigarskapspolitikk samt årleg lagt fram ei eigarskapsmelding for fylkestinget. Måla fylkeskommunen har med eigarskapa varierer frå selskap til selskap og er mellom anna knytt til forretningsmessige mål, å behalde og vidareutvikle arbeidsplassar i fylket, bidra til nyetableringar, sikre infrastruktur eller felleskapløysingar innan einskilde område. Eigarskapsmeldingane for åra 2010-2013 er tilgjengeleg på fylkeskommunen sin nettstad.

I Eigarskapsmeldinga for 2013 tilrår fylkesrådmannen at det blir vedteke ein plan for opplæring av folkevalde om eigarrolla for å styrke den fylkeskommunale eigarskapen. Det vert peika på at det er viktig at dei folkevalde har kompetanse knytt til lovverket for eigarstyring. Etter planen skal det haldast ei opplæring av dei folkevalde om eigarrolla innan 6 månader etter fylkestingsvalet, med eit oppfriskingsseminar etter 2 år. Opplæringa skal mellom anna klargjere korleis fylkestinget si eigarrolle skal utøvast og korleis eigarkommunikasjonen til selskapet skal skje.

Fylkestinget ba i sak 37/13 fylkesutvalet om ein gjennomgang av fylkeskommunen sin eigarstrategi som skal bli handsame i fylkestinget i april 2014. I same sak vedtok fylkestinget også å vidareføre eigarpostane i dei fleste selskapa.

2.2 Oversikt over fylkeskommunen sine eigarskap

I figur under kan ein sjå ei oversikt over eigarskapa til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Figur 1: Oversikt over fylkeskommunen sine eigarskap

SELSKAP	FØREMÅL ²	EIGAR-DEL	INNANFOR § 80
F1 Holding AS	Investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar i transportselskap og anna verksemd som står i samband med føremålet.	100 %	Ja
Sogn og Fjordane Holding AS	Investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom og anna verksemd som står i samband med føremålet.	100 %	Ja
Sogn og Fjordane Teater L/L (aksjeselskap)	Teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Det kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater.	80 %	Ja
Opplæringsfartøy AS	Eige og drive fiskefartøy på ideell basis hovudsakelig ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vidaregåande skule til bruk i opplæring	77 %	Nei
Luna Industri AS	Utvikling knytt til industriell utnytting av anorthositt-ressursar samt dertil tilhøyrande verksemd.	65,99 %	Nei
Fjord 1 AS	Sjølv, eller gjennom heilt eller delvis eigarskap i andre verksemder, å drive transport-, kommunikasjons- og reiselivsverksemd.	59 % eigd av F1 Holdning som er heilegd av fylkeskommunen.	Nei
Fjord Invest Såkorn AS	Investering i konkurransedyktige såkornsbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane.	50,58 %	Nei
Trivselshagen IKS	Planleggje, byggje, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakarane.	50 %	Ja
Sogn og Fjordane Energi AS	Produksjon, omsetning og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette.	48,15 %	Nei
Lutelandet Utvikling AS	Arbeide for utnytting av Lutelandet til industriføremål.	48 %	Ja
Sogn og Fjordane Revisjon IKS	Selskapet sitt føremål er å dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll.	42 %	Ja
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	Selskapet skal medverke til auka verdiskaping og nyetablering innafor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt og å få nasjonale kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket.	38,17 %	Nei
Norsk Fjordhestsenter AS	Å sikre vidare drift med fjordhestaktivitet ved fjordhestsentret på Nordfjordeid, og å arbeide for å finne eit forsvarleg finansieringsgrunnlag	33 %	Nei

² Nokre av selskapa sine føremål er korta ned i denne tabellen.

	ved overtaking av eigedom, bygningar m.m. til slik drift.		
Sandane Industri L/L (aksjeselskap)	Gjennom fabrikasjon og annen virksomhet å skape grunnlag for sysselsetting av yrkeshemmede.	32,05 %	Nei
Firda Produkt AS	Gjennom fabrikasjon og anna verksemd å skape grunnlag for sysselsetting av yrkeshemma	30 %	Nei
Sogneprodukter AS	Å skape grunnlag for attføring av yrkeshemma. Føremålet med attførings-verksemda er avklaring og kvalifisering med sikte på formidling til ordinært arbeidsliv eller utdanning.	27, %	Nei
Origod AS	Drive industri og handelsverksemd for å sysselsette yrkesvalhemmede.	24,20 %	Nei
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Tilretteleggje tilhøva for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal ved å vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar bivirke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet.	22,42 %	Nei
Njøs Næringsutvikling AS	Drive med rådgjeving, produkt-/ marknadsutvikling, leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprodukt.	22,20 %	Nei
Vigo IKS	Utvikle/vidareutvikle, eige og/eller drifte fylkeskommunanes felles inntaks- og forvaltningssystem for elevar/lærlingar i Vigo og alt som elles står i naturleg samanheng med dette – til dømes skuleadministrative system.	5,26	Ja
Firda Billag AS	Transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå. Selskapet kan i tillegg eige og forvalte fast eigedom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande verksemd.	5 %	Ja
Framtidsfylket AS	Drift og utvikling av ei felles trainee-ordning for alle private og offentlege verksemdar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, og nettportalen "framtidfylket.no", og anna rekrutteringsverksemd som i vid forstand kan vere i nemnde verksemdar si interesse.	4 %	Nei
Innovasjon Norge	Å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling i heile landet, og utløse ulike distrikt og regionar sine næringsmessige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering.	2,58 %	Nei
Botnaneset Industriselskap AS	Å leggje til rette for næringslivet på sunt økonomisk grunnlag i regionen og spesielt bidra til å leggje høva til rette for ei vidareutvikling av den olje- og gassretta verksemda i regionen, blant anna gjennom deltaking i høyringsrundar og politiske prosessar.	0,62 %	Nei
Kommunekraft AS	Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	0,31 %	Ja

3. Risiko- og vesentlegvurdering

Risiko- og vesentlegsvurdering brukast som eit reiskap for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. I forhold til risiko er det spesielt desse forholda som må vurderast:

- Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med fylkestingets vedtak og føresetnader,
- Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte,
- Risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader.

I tillegg til ein konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut frå kor vesentleg dei er for fylkeskommunen (vesentlegsanalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- Fokus på brukarperspektivet,
- Fokus på økonomiske interesser for fylkeskommunen.

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentlegsvurderinga, som kan vere til hjelp når ein skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for kontroll:

1. Selskap der det er avdekkja mulige risikoforhold,
2. Selskap med berre offentleg eigarskap,
3. Selskap som har eit samfunnsmesse ansvar,
4. Selskap som har direkte tenestetilbod til fylkeskommunen sine innbyggjarar,
5. Selskap som leverer verksemdskritiske tenester til fylkeskommunen,
6. Selskap som er heileigd av fylkeskommunen,
7. Selskap der fylkeskommunen har omfattande eigarinteresse i tal på aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen,
8. Økonomisk gevinst/tapspotensialet for fylkeskommunen,
9. Etikk og omdømme.

For dei føreslegne selskapskontrollprosjekta er det oppgitt kva kriterium vi meiner er relevante i høve til våre fastsette kriterium for vesentlegvurdering.

Det er viktig å understreke at risiko- og vesentlegvurderingane er skjønsmessige vurderingar basert på føreliggjande informasjon, og at kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslege her.

Eventuell **forvaltningsrevisjon** i selskap blir vurdert av kontrollutvalet der dette er vurdert som hensiktsmessig.

3.1 Kartlegging av risiko i selskap

Begge dei prioriterte prosjekta i plan for selskapskontroll 2012-2016 er gjennomførte. Med utgangspunkt i kriteria som blei presentert under kapittel 2 har revisjonen undersøkt i kva grad risikobilete har endra seg for dei uprioriterte prosjekta i gjeldande plan for selskapskontroll 2012-2016. Det har ikkje kome fram opplysingar om risikoforhold knytt til andre selskap.

PROSJEKT	KRITERIUM ³	KOMMENTAR
Sogn og Fjordane teater L/L	1,2,3,4,7,9	<p>I analysen frå 2012 gav enkelte uttrykk for å ønskje meir informasjon om selskapet.</p> <p>Av selskapet si årsmelding for 2012 går det fram at selskapet gjekk med underskot på - 2 203 713 kroner. Det går fram at årsakene til dette i hovudsak var lågare billettinntekter og høgare drifts- og personalkostnadar enn budsjettert. Det går også fram at det ikkje har vore god nok kostnadskontroll i selskapet.</p> <p>I intervju kjem det fram at det har vore noko kritikk knytt til teateret si registrering av publikumstal.</p> <p>Med bakgrunn i dette meiner revisjonen at det kan vere grunnlag for å gjennomføre ei nærmare undersøking av selskapet. Selskapet fell innanfor § 80.</p>
Trivselshagen IKS	2,3,4	<p>I analysen frå 2012 gav enkelte uttrykk for å ønskje meir informasjon om selskapet.</p> <p>Den komplette trivselshagen på Sandane blei opna 16.01.2014.</p> <p>Selskapet fell innanfor § 80.</p> <p>Det har ikkje kome fram opplysningar om spesielle risikoforhold knytt til selskapet i denne undersøkinga.</p>
Sogn og Fjordane energi	3,4,5,7,8,9	<p>I analysen frå 2012 gav enkelte uttrykk for å ønskje meir informasjon om selskapet.</p> <p>Selskapet har store økonomiske verdiar, og er eit viktig selskap for fylkeskommunen som bidrar med betydeleg avkastning til eigarane.</p> <p>Av årsmelding 2012 går det fram at det er er planlagd store investeringar på nett og produksjon. Selskapet skal dei næraste åra investere om lag 150 millionar kroner årleg for å sikre framleis god forsyningstryggleik, og for å styrke kapasiteten.</p> <p>Det går vidare fram at selskapet hadde eit overskot etter skatt på 81 millionar kroner, og at dette er ei kraftig forbetring frå det svake 2011-resultatet på 10 millionar kroner pga. orkanen Dagmar.</p> <p>Selskapet fell utanfor § 80.</p> <p>Revisjonen vil peike på at det alltid vil vere risiko knytt til store investeringar, og at dette krev gode system og</p>

³ Kriterier jf. kap 2.

		rutinar for prosjektstyring og økonomistyring. Det er ikkje kome fram opplysningar om andre risikoforhold knytt til selskapet i denne undersøkinga.
Fjord Invest Såkorn	3,7	<p>Prosjektet blei lagt til av kontrollutvalet under prioriteringa av prosjekt i plan for selskapskontroll i 2012.</p> <p>Av fylkeskommunen si eigarskapsmelding for 2013 går det fram at det kan bli behov for ytterlegare kapital til selskapet for nyinvesteringar. Det går også fram at det er viktig at fylkeskommunen opptrer som langsiktig eigar.</p> <p>Selskapet fell utanfor § 80.</p> <p>Det har ikkje kome fram opplysningar om spesielle risikoforhold knytt til selskapet i denne undersøkinga.</p>
Luna Industri	3,7	<p>Prosjektet blei lagt til av kontrollutvalet under prioriteringa av prosjekt i plan for selskapskontroll i 2012.</p> <p>Av fylkeskommunen si eigarskapsmelding for 2013 går det fram at det har blitt vurdert å selje fylkeskommunen sin eigardel i selskapet, men at det ikkje var eigna kjøparar på det aktuelle tidspunktet. Fylkeskommunen har derfor valt å vidareføre eigarskapen.</p> <p>Selskapet fell utanfor § 80.</p> <p>Det har ikkje kome fram opplysningar om spesielle risikoforhold knytt til selskapet i denne undersøkinga.</p>

4. Forslag til prosjekt

Under presenterer vi selskap der det er avdekka risiko eller som er vurdert som spesielt vesentleg for fylkeskommunen. Prioritering og rekkefølge på prosjekta i den rullerte planen vil bli bestemt etter eit prosessmøte med kontrollutvalet der både risiko og vesentlegheit vil bli diskutert. Nye prosjekt kan kome til, og vurderingane av dei ulike selskapa kan dermed endrast.

NR	PROSJEKT	KRITERIUM ⁴
1	Sogn og Fjordane teater L/L	1,2,3,4,7,9
2	Trivselshagen IKS	2,3,4
3	Sogn og Fjordane energi	3,4,5,7,8,9
4	Fjord Invest Såkorn	3,7
5	Luna Industri	3,7

⁴ Kriterier jf. kap 2.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 200,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2014 Deloitte AS